

Får truleg 10.000 til Austnes-prosjektet

22.03.2009



Ungt Blod-konserten vart svært vellukka. Her står Pål Magne Austnes i forgrunnen til venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Torsdag skal Ungdommens Kommunestyre (UKK) ha møte og mellom anna løvva tilskot til ungdomstiltak for denne våren.**

**Det står 30.000 til disposisjon mot 60.000 i fjor og det ligg føre ein søknad frå skulemusikk-korpsa i Uskedalen og Rosendal om 15.000 til det svært vellukka Austnes-prosjektet tidlegare i vinter.**

Verksemdeleiar og leiar i UKK går inn for at det skal løvvast 10.000 kroner. Dei viser til at arrangementet tidleg i fjor haust var lova underskotsgaranti, men denne ordninga blir ikkje nytta i år.

Difor er det naturleg at søknaden om tilskot blir lagt fram for UKK. Budsjettet for Austnes-prosjektet var på 81.900 kroner.

Dei heiter i saksutgreiinga at prosjektet - og også Brodahl-prosjektet i fjor - var eit stort løft for arrangørane. Men slike tiltak verkar motiverande på deltakarane og sikrar ein meir stabil og varig drift.

Foreldre og born blir på denne måten engasjert av eit godt førebyggjande arbeid og dei unge musikantane får ei flott utvikling og gode opplevelingar. Dette fører igjen til at dei blir betre rusta til å møta nye miljø og utfordringar i kvardagen.

Av Ola Matti Mathisen